



Referat FAU-møte 21.05.25

Tilstades:

Borghild Bjørkmo, Regine Tjøland, Elena M Sikveland, Serina Fuglestad Sikveland, Øyvind Søyland, Gerd Rusdal, Knut Undheim.

Godkjenning av innkalling og referat

OK.

Sak 22/24-25 Informasjon frå skulen

Gjennomgang v/ rektor.

- Olweusundersøkinga: Kun muntleg rapport (av personvernårsaker - for få elevar/gjennomsiktig miljø). Likevel inntrykk av auke i tal på elevar som vert mobba 2-3 gonger per mnd på mellomtrinn. Både slag/spark og verbalt. Mykje stygt språk.
- Trafikksikringstiltak: FAU kan koma med innspel og ønske til trafikksikringstiltak for å trygga skulevegen. Kan sendast direkte til Monica Aga i Time kommune. Foren Vel har allereie søkt Fylkeskommunen om gangfelt over Sælandsvegen. Fekk då 'nei' pga 'for lite trafikk'. Mange barn og unge kryssar veggen over til skule/barnehage/idrettslag. Mykje tungtransport og traktorar. Foren-området er òg bygd ut med fleire bustader siste åra. Skilting og god belysning òg vesentleg. Tursti m/lys til Tunheim? Ein kan argumentera for at unødvendig mange elevar i krinsen har fått definert skulevegen som farleg. Andre innspel frå foreldre er velkomne (kontakt trafikkansvarleg i FAU Elena Menichelli Sikveland; elena.menichelli@gmail.com).
- Økonomi: Grunna nedgang i elevtal på Undheim skule, vil ein måtte gjere nokre grep for å sikre god undervisning. Det vert reduksjon i lærarressursane i samsvar med nedgangen. Lærarnormen vert opprettholdt. Som ein konsekvens av dette vert det samanslåing av to klassar. 3. og 4. trinn vert ein klasse til neste år. I tillegg vert det ein del samanslåingar i enkelttimar på andre trinn. Den samanslåtte klassen vil få to kontaktlærarar og vil verta godt ivaretekne.

Sak 21/24-25 17. mai-komitè

Forslag om at 17. mai-dugnaden flyttast ned til 6. klasse, men at 7. klasse beheld flaggborg og tale. Overgangsår 2026 der 6. og 7. klasse arrangerer i lag. Hovudargument er lite tid for 7. klasse til å nytta overskotet frå 17. mai før skuleløpet er slutt, klassekontaktane får ikkje avslutta klassekassa før langt ut i 8. klasse, samstundes som 6. klassingar er 'store nok' til å bidra ved dugnad.

17. mai-komitèen sorterer under paragraf 4 i FAU sine vedtekter;

§ 4 – Komitear - Det kan veljast underkomitéar for FAU som arbeider med nærare definerte oppgåver eller prosjekt.

Det er slik sett ikkje behov for endring av vedtektene for å flytta dugnaden frå 7. til 6. klasse, men informasjon om saka skal distribuerast til foreldre via Visma og skulen sine nettsider, slik at avstemming kan gjennomførast ved årsmøtet 11. juni. Dette referatet kan fungera som slik informasjon.

- Innspel etter årets 17. mai:

- Høgtalaren må vris meir mot kiosken, mykje radling der, presiserast på arbeidslista til komitèen.
- Lykkehjulet var sakna av ein del, både eldre og ungdommar set pris på dette. Comeback neste år?
- Info om hatten frå talarstolen.
- FAU kan ta meir initiativ overfor skulen når det gjeld førebuingar til 17. mai som aktuelle songar og påminning om kåring av beste innslag i toget.

Sak 9/24-25 Innkomne saker

- Utleige av skulen (mat- og helserom og gymsal) til barneselskap vert igjen mogleg. Kontakt administrasjon for nøklar og leigeavtale.
- Tilsyn frå 'Leikeplasskontrollen' resulterte m.a. i vedtak frå administrasjonen om sanering av hoppbakken – m.a. mulig for barn å setja fast hovudet i diverse opningar.
- Skulekantine? God idè, men økonomiske realitetar tilseier at dette er urealistisk per nå. Vil krevja ombygging for å oppfylla krav til kantine. Sak som kan kammast tilbake til.
- Stygt språk blant elevane. Dette er ikkje minst eit ansvar for foreldre/heimane. Bør adresserast i samband med foreldremøta. Ynskjeleg at lærarar/administrasjon gir tilbakemelding til foreldre i konkrete saker.
- KFU 28.05. kl 18-19.30.; vedlikehald (sak 19), trafikksikring.

Minner om FAU-årsmøtet onsdag 11. juni kl 19.

Referent
Knut Undheim